



AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Sands Advokatfirma DA
Lars Selmar Alsaker
Postboks 1829 Vika
0123 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4477 - 21/968

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
04.02.2021

Avvising av klage på vedtak - Søknad om dispensasjon til oppføring av nedbrent SEFRAK-registert våningshus - "Kristianhuset" - gbnr. 152/29 - Snekkevika

Administrativt vedtak. Saknr: 016/21

Vi syner til klage frå SANDS Advokatfirma DA motteke og datert den 18.01.2021.

Vedtak

Austrheim kommune avviser klage datert den 18.01.2021 på vedtak gjort i formannskapet i Austrheim kommune den 22.10.2020 i sak 113/20. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingsloven sin § 34.

Saksutgreiing:

Det er kom klage i e-post den 18.01.2021 til Austrheim kommune på formannskapet i Austrheim kommune sitt vedtak den 22.10.2020 på at dette politiske utvalet på vilkår gav dispensasjon til oppføring av nedbrent SEFRAK-registert våningshus "kristianhuset" - gbnr. 152/29 – Snekkevika.

Formannskapet sitt vedtak (saksnr. 113/20) i møte den 22.10.2020 var:

FS vedtak:

*Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå pbl. § 19-2 og frå kommuneplan, **plan-id: 2013001** gjenoppbygging av «Kristianhuset på gbnr. 152/29.*

1. Huset vert oppført i tråd med det nedbrente «Kristianhuset» så langt det er mogeleg.

2. Det skal sikrast vegtilkomst for arbeidet med gjenoppbyggingen gjennom avtale med Austrheim Kommune.

3. Det vert forutsett at bygget vert oppført i tråd med relevante offentlege føresegner.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Austrheim kommune sendte ut dette vedtaket til alle partane den 22.10.2020:

Oversending av vedtak - Søknad om dispensasjon til oppføring av nedbrent SEFRAK-registert våningshus - "Kristianhuset" - gbnr. 152/29 - Snekkevika

Formannskapet i Austrheim gjorde i møtet 22. oktober vedtak i denne saka.

Vedtaket (sjå vedlegg) blir med dette oversendt til Vestland Fylkeskommune (dykkar siste referansar 2020/62249-2 og 2020/62249-3) og Fylkesmannen i Vestland for klagevurdering.

Vedtaket går også til partane i saka.

Sjå vedlagt saksdokument.

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vennleg helsing

Ketil Tjore
Møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Andre mottakere:
Fylkesmannen i Vestland, Vestland Fylkeskommune

Anita R. Arnum, Martha J. Arnum, Karen Arnum Michell, Sissel Soltveit, Turid Daae Soltveit, Jan Nordø, Leny Arnum Dermarest, Dagny Arnum, Even Nordø, Laila Nordø

Det kom inn klage på vedtaket den 27.11.2020 frå United States of America frå Arnum Family eiere av gnr 152 bnr 11. Dei skreiv følgjande i sin klage:

Grunneierne til hovedeiendommen gnr 152, bnr 11 (Leny Arnum Demarest, Dagny Arnum, Martha Arnum, Anita Arnum and Drew Arnum) sammen med familiemedlemmene Linda Demarest, Karen Arnum Mitchell og Michael Arnum anker beslutningen fra Austrheim kommune innen tre ukers frist, da brevet ankom adressatene 9. november 2020.

Austrheim kommune handsama denne klagen i formannskapet den 14.01.2021 (saksnr. 008/21). Klagen som var datert den 27.11.2020 frå United States of America frå Arnum Family, grunneigarar av gnr 152 bnr 11 kom innafor klagefristen på tre veker frå dei fekk vedtaket i USA. Vedtaket i formannskapet den 14.01.2021 var:

FS vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvaltar i Vestland for endeleg avgjerd.

Austrheim kommune sendte den 15.01.2021 med alle vedlegg i saka ut følgjande skriv til Statsforvaltaren i Vestland med kopi til partane i saka. Skrivet såg slik ut:



AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
15.01.2021	20/4477 - 14	

Oversending av vedtak for endeleg avgjerd - Løyve til oppføring av Nedbrent SEFRAK-registert våningshus - Kristianhuset - gbnr. 152/29 - Snekkevika

Sender over formannskapet i Austrheim sitt vedtak i denne klagesaka – for endeleg avgjerd hjå Statsforvaltaren i Vestland.

Vedlagt er saksframlegget til formannskapet, med vedtaket påført.

Brevet går i kopi til partane i saka, som orientering.

Vennleg helsing
Ketil Tjore
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Andre mottakere:

Statsforvaltaren i Vestland

Anita R. Arnum, Martha J. Arnum, Karen Arnum Michell, Sissel Soltveit, Turid Daae Soltveit, Jan Nordø, Leny Arnum Dermarest, Dagny Arnum, Even Nordø, Laila Nordø

Austrheim kommune mottok i e-post mandag den 18.01.2021 følgjande:

Fra: Lars Selmar Alsaker | SANDS <lars.selmar.alsaker@sands.no>
Sendt: mandag 18. januar 2021 10.32
Til: Post Austrheim; sfv|post@statsforvalteren.no
Kopi: Raymond Myre; sisselsoltvedt@outlook.com; Bjørn Tore Steffensen | SANDS
Emne: Klagesak oversendt til Fylkesmannen fra Austrheim kommune [SANDS-MATTERS.FID485887]
Vedlegg: dokumenter-ec6784a8 (1).zip; Klage på vedtak om løyve til oppføring av Nedbrent SEFRAK-registert våningshus - Kristianhu (202889).pdf; Oversending av vedtak for endeleg avgjerd - Løyve til oppføring av Nedbrent SEFRAK-registe (202864).pdf; Skannet.pdf

Austrheim kommune
Statsforvalteren i Vestland

Det vises til ekspedisjon fra Austrheim kommune til Statsforvalteren i Vestland, i klagesak vedrørende søknad/dispensasjon til oppføring av fritidseiendom.

I kommunens saksfremstilling heter det at *«grunneigar ikkje har kome med merknader eller klage til verken søknad eller dispensasjon»*.

Vårt firma har representert grunneier/hjemmelshaver i saken. Vi vedlegger brev fra november i år der det redegjøres for grunneiers/hjemmelshaver sine anførsler i saken. Det vedlegges også brev fra vårt firma sendt tiltakshavers advokat i januar 2020. Det kan se ut til at brevet av november 2020 ved en feil hos oss ikke har vært ekspedert til kommunen.

Som det fremgår i vårt brev m/vedlegg fra november 2020 er det åpenbart at kommunen ikke har saksutredet eller vurdert en rekke relevante forhold ved saken. Kommunens vedtak er basert på uriktig rettsanvendelse, feil faktum og mangelfull saksbehandling. Vedtaket er av denne grunn ugyldig. Vi vil be om at kommunen behandler saken på nytt i lys av anførslene. I motsatt fall vil vi be om at Fylkesmannen opphever kommunens vedtak, og sender det tilbake til kommunen for ny realitetsbehandling.

Med vennlig hilsen/Yours sincerely

Lars Selmar Alsaker
Partner | Advokat | Attorney at Law



SANDS Advokatfirma DA
Torgallmenningen 3B | Pb. 1150 Sentrum, 5011 Bergen | Norway
T: +47 55 30 10 11 M: +47 419 16 711 S: +47 55 30 10 00
sands.no [LinkedIn](#)

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.
For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>

Det vart lagt ved i denne e-posten datert den 18.01.2021 eit vedlegg som er sjølv klageskrivet, det er på 28 sider inkludert diverse vedlegg. Sjølv klageskrivet er datert den 09.11.2020, men denne klagen vart aldri sendt vidare til Austrheim kommune.

Austrheim kommune vil opplysa dykk om at denne klagen frå dykk kom oss i hende den 18.01.2021. Klagefristen gjekk ut den 17.11.2020 for dykkar vedkomande då de mottok formannskapsvedtaket frå Austrheim kommune den 27.10.2020, slik de opplyser. Austrheim kommune sendte ut dette vedtaket til dykk elektronisk den 22.10.2020. Dykkar klage kom såleis inn til Austrheim kommune over 2 mnd. etter klagefristen var gått ut. Det kjem og fram i dykkar e-post der det står følgjande:

«Det kan se ut til at brevet av november 2020 ved en feil hos oss ikke har vært ekspedert til kommunen.»

Klagefristen er tre veker frå den dato de har fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven § 29. Klagefristen er difor oversittet, jf. fv l. § 29 slik det står under i forvaltningsloven:

§ 29.(klagefrist).

Fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part. Skjer underretningen ved offentlig kunngjøring, begynner klagefristen å løpe fra den dag vedtaket første gang ble kunngjort.

Det fremgår av forvaltningsloven § 29 første ledd at klagefristen er tre veker. Denne fristen er i utgangspunktet absolutt. Me viser og til § 31 i forvaltningsloven det står følgjande:

§ 31. (oversitting av klagefristen).

Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såfremt
a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller
b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Austrheim kommune er klar på at i denne saka vil endring av vedtaket medføre skade eller ulempe for andre, i dette tilfelle søkjar som har frist på seg i forhold til forsikringselskapet å føra opp den nedbrente SEFRAK-registert våningshuset "Kristianhuset". Det er heller ingen særlege grunner at klagen vert prøvd.

Austrheim kommune kan ikkje sjå at det ligg føre nokon nye opplysningar som gjer at det er grunn til å sjå på saka på nytt. Me kan heller ikkje sjå at Austrheim kommune si sakshandsaming ikkje har gått rett føre seg. Formannskapet sitt vedtak den 22.10.2020 er såleis gyldig. Det er og klart at det at klagen ikkje kom kommunen i hende innan klagefristen på tre veker faktisk er klagar sin feil/last slik det er opplyst i e-post frå Sands Advokatfirma DA datert den 18.01.2021.

Plikta til klageinstansen er definert i forvaltningsloven § 34 første ledd første punktum. Det må foretakast ein uavhengig vurdering av om vilkåra for å klaga er til stade, og viss vilkåra ikkje er oppfylt, har klageinstansen plikt til å avvise. Me viser her til § 34 i forvaltningsloven:

§ 34. (klageinstansens kompetanse).

Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal klageinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.

Av dei grunnar som er oppgjeve i saksutgreiinga over så vil Austrheim kommune avvise dykkar klage som kommunen mottok den 18.01.2021. Det at dykkar klagefrist er oversittet (i dykkar tilfelle med 2 mnd), jf. forvaltingsloven § 29 er grunn god nok i saka, men andre moment som nemd i saksutgreiinga over er og vurdert her.

Der og naturleg at Statsforvaltaren i Vestland handsamar klagen som dei fekk oversendt frå Austrheim kommune den 15.01.2021. Dette har ingenting med denne klagen å gjera som er datert den 18.01.2021, sjølv om det sama sak, det er ein annan part som har påklaga dette vedtaket den 27.11.2020 frå United States of America. Det er Arnum Family eiere av gnr 152 bnr 11, denne klagen kom inn innan klagefristen og skal handsamast hjå Statsforvaltaren på vanleg måte no.

Austrheim kommune viser elles til brev frå Statsforvaltaren i Vestland datert den 28.01.2021 «**Retur av sak - Byggesak - Austrheim - 152/29 Snekkevika - oppføring av nedbrent SEFRAK-registrert våningshus - Kristianhuset**» til Austrheim kommune. Denne «Retur av sak» har skjedd på grunn av skrivet frå Sands Advokatfirma DA datert den 18.01.2021 til Statsforvaltaren i Vestland og Austrheim kommune. Austrheim kommune synes det er naturleg at Statsforvaltaren i Vestland handsamar denne vidare no, og ikkje blandar desse to ulike «klagane» saman. Statsforvaltaren i Vestland sitt referansenr. i denne andre klagesaka er 2021/969. Dette til orientering.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing
Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Kopi til:

Christel Turid Daae Soltvedt Even Nordø	Straumetoppen 21 5353	STRAUME
Jan Nordø Laila Nordø	Hoplandssjøen 74 5943	AUSTRHEIM
Sissel Julie Soltvedt Statforvaltaren i Vestland	Røsslynghaugen 4 5350 Njøsavegen 2	BRATTHOLMEN

Mottakere:

Sands Advokatfirma DA

Postboks 1829
Vika

0123

OSLO